



Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterk folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 8.000. Det er god kollektivtransport til/frå Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunesenteret Frekhaug er under 1/2 time.

For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene kommune er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meningsfylt og del av eit viktig samfunnsoppdrag. Meland kommune har ei verdimeisig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".

Helsefagarbeidar - 100% fast stilling

Stillingsinformasjon

Meland heimeteneste har ledig 100% fast stilling som helsefagarbeidar frå 01.07.2019.

I turnusen er det dag og kveldsvakter. Arbeid tredje kvar helg. Vaktene inngår i den ordinære heimetenesta, men er og knytt mot brukarar med nedsett funksjonsevne. Praktisk bistand er og ei teneste som høyrer med til stillinga.

Stillinga er pr dags dato knytta mot heimetenestekontoret på Vikebø.

Kvalifikasjonskrav

Norsk autorisasjon som helsefagarbeidar.

Det vert lagt vekt på personlege eigenskapar, og arbeidserfaring med menneske med nedsett funksjonsevne. Dessutan ynskjer vi ein person som er arbeidsam, kreativ, fleksibel, lett å samarbeide med. Gode norsk kunnskapar er ei føresetnad for å utøve arbeidet.

Vi tilbyr

Løn etter gjeldande tariffavtale.

God pensjonsordning.

Eit stimulerande og godt fagleg arbeidsmiljø.

Søknad skal sendast

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

Generell informasjon

Godkjend politiattest som ikkje er eldre enn tre månader må framvisast ved tilsetting og seinast før arbeidstakar byrjar i stillinga.

Søknadsfrist 07.07.2019

Utlyst dato 19.06.2019

Vårref

169/19

Kontaktperson

Britt Hilde Romarheim, Leiar Meland heimeteneste, tlf: 56171210, mobil: 99497611, britt.romarheim@meland.kommune.no